

EIGEDOMSSKATT OG TAKSERING

Du som får dette brevet står registrert som heimelshavar (eigar) av næringseigedom i Fjaler kommune. Du får brevet fordi du må sende oss opplysningar om eigedomen. Og du må seie ifrå dersom du vil vere til stades når eigedomen skal synfarast.

Fastsetting av takst

Kommunestyret vedtok i k-sak 104/24 ny allmenn taksering av alle eigedomar i kommunen. Nye takstar vert gjeldande frå skatteåret 2026. Kommunestyret har vald ei sakkunnig nemnd som blant anna skal behandle forslag til takst for eigedomane og fastsette takstane. Takstforslaga skal lagast av selskapet Verditaksering Kjell Larsen AS. Selskapet skal hente inn opplysningar og synfare eigedomar som grunnlag for å utarbeide forslaga til takst. Takstar og utrekna eigedomsskatt vil bli lagt ut til offentleg ettersyn innan 1.03.2026.

Det er eigedomsskattelova § 8 A-2 som dannar utgangspunktet for verdsetting av eigedomane:

(1) Verdet av eigedomen skal setjast til det beløp ein må gå ut frå at eigedomen etter si innretning, brukseigenskap og lokalisering kan bli avhenda for under vanlege salstilhøve ved fritt sal. ...Verdet av næringseigedom skal setjast til teknisk verdi når det ikkje er mogleg å fastsetje verdet etter regelen i første punktum.

Naudsynte opplysningar for takseringa

Takstmennene ber om å få tilsendt følgjande opplysningar om eigedomen

- 1. Kontaktperson med namn, telefonnummer og e-post.*
- 2. Arealoppgåve over bygg, byggeår og bruksformål, ev. tidlegare takst.*
- 3. Utleigeprisar, om eiendomen eller deler av den er utleigd.*

Bruk dette skjemaet for å sende inn opplysningane:

[Skjema for tilbakemelding til Fjaler kommune](#)

Synfaring

I samband med skattetakseringa vil det bli gjennomført utvendig synfaring av alle eigedomar med tilhøyrande bygg. Det er ikkje naudsynt at du som eigar er med når synfaringa blir gjennomført. Om du likevel ynskjer å vere til stades under synfaringa må du melde ifrå så snart som mogleg og seinast innan fire veker frå du fekk brevet. Du vil då bli kontakta når det nærmar seg tid for synfaring.

Synfaringa vert utført av Verditaksering Kjell Larsen AS. Dei tilsette synfaringssressursane er kledd med gule vestar med påskrifta "Taksering" på ryggen. I tillegg har dei legitimasjon som er utskrive av Fjaler kommune.

Kontaktinformasjon

Dersom du ikkje kan nytte skjemaet (sjå lenka over) kan du kontakte oss på e-postadressa post@fjaler.kommune.no eller pr post til

Fjaler kommune
Dalstunet 20
6963 Dale i Sunnfjord